

## Soppskader

Arkivmateriale kan verta utsett for sopp når det er lagra i fuktig miljø. Høg temperatur aukar tempoet i sopp utviklinga. Dersom ein oppdagar arkivmateriale med sopp, må ein straks flytta materialet til ein tørr stad. Flytt ikkje arkiv med soppangrep saman med materiale som er utan sopp.

Soppangrep på papir kan ha ulik utsjånad og fargar: svart, brunt, rosa, lilla, ferskenfarga m.m.

Sopp skal fjernast fysisk med støvsugar. Ein må bruka sentralstøvsugar eller støvsugar med hepa-filter, slik at sopp sporene ikkje berre går gjennom støvsugaren og ut i lufta igjen. Støvsuginga bør helst gå føre seg ute eller i rom med avtrekk. Sopp kan vere helsefarleg og det er viktig å bruka verneutstyr, særleg dersom det er mykje sopp. (Jfr. soppskade i hus som kan føre til luftvegsplager og hovudsmerter).

Dersom det er veldig lite sopp, kan ein bruke ein tørr klut for å tørka det vekk.